

## Fordeling av tilskot til brannsikring av tette trehusmiljø 2024

	Kulturmiljø	Søkjar	Samla kostnad	Søknads-sum	Tildeling 2024	Førehands-tilsegn 2025	Tiltak	Grunngjeving
1	Vågsbunnen	Bergen kommune	338 000	278 000	140 000		Utarbeiding av verdibergingsplan, etter modell frå Oslo kommune	Tiltaket skal gjennomførast som eit samarbeid mellom Bergen kommune, Bergen brannvesen og 110-sentralen, og er eit prioritert tiltak i Bergen kommune sin gjeldande kulturmiljøplan. Ein verdibergingsplan vil gje brannvesenet rask og god oversikt over bygningsmassen og utfyllande instruks for berging og sikring av dei kulturhistoriske verdiane. Verdibergingsplanen skal bygge vidare på ein mal for enkeltbygg som Bergen brannvesen har utvikla i samarbeid med Oslo brann- og redningsetat. Avdelingsdirektøren vurderer at utprøving og erfaringar med bruk av verdibergingsplan vil kunne ha stor overføringsverdi til andre tette trehusmiljø.
2	Eidsgata/Tverrgata	Stad kommune	250 000	200 000	200 000		Utarbeiding av brannsikringsplan for brannsmitteområde 293 og 294, Eidsgata/Tverrgata i Nordfjordeid sentrum	Området er på Riksantikvaren si liste over kulturmiljø av nasjonal interesse i byer og tettstader. I Stad kommune sin temaplan for kultur 2023-2035 er eit av tiltaka at det skal utarbeidast ein brannsikringsplan for tette trehusmiljø. I tråd med

								Riksantikvaren sine føringar for tildeling til fylkeskommunane, der utarbeiding av brannsikringsplanar er gjeve prioritet, har avdelingsdirektøren valt å imøtekomme søknaden med tilskotsbeløp som omsøkt.
3	Havråtunet	Stiftinga Museums-senteret i Hordaland	115 150	100 000	66 000		Oppsetting av varmesøkande kamera i terrenget ovanfor Havråtunet	Brannsikringsplan vart utarbeidd i 2022. Det er montert varmesøkande kamera som overvakar tunet og deler at kulturlandskapet, og som er kopla til alarmsentral og drifta av Bergen brannvesen. Det er avdekka behov for også å kunne overvake terrenget ovanfor tunet. Tiltaket er prioritert i tiltaksplanen i brannsikringsplan frå 2022. Det er langt til næraste brannstasjon og tidleg deteksjon av brann også i omliggjande terreng til tunet vert vurdert som særst viktig, då brann her vil utgjere ein betydeleg risiko for kulturmiljøet. Avdelingsdirektøren deler vurderingane som Stiftinga Museumssenteret i Hordaland her legg til grunn og meiner det er viktig å få sett opp varmekamera også i terrenget ovanfor tunet.
4	Bryggen	Bergen kommune	720 000	600 000	400 000	200 000	Utsifting, drift og vedlikehald av varmekamera på Bryggen	Det er behov for utskifting av 10 år gamle varmekamera på Bryggen. Det vert i tillegg søkt om tilskot til dekking av drift- og vedlikehaldskostnader.

								Då Bryggen er verdsarvstad, og forvaltninga skal skje etter beste praksis, finn avdelingsdirektøren det riktig å gje søknaden høg prioritet. Det vert difor tildelt midlar som omsøkt, fordelt på tilskot for 2024 og førehandstilsegn for 2025.
5	Tette trehusmiljø i Bergen	Bergen kommune	450 000	450 000	100 000	170 000	Kvalitetsheving av teneste for innvendig branndeteksjon	Kvalitetsheving på teneste som omfattar direktekopling til 110 for innvendig branndeteksjon. Tenesta er utvikla som eit gratistilbod og så langt installert i 8 av dei 12 definerte tette trehusområda i Bergen. Dersom ein finn gode løysingar på dei utfordringane ein så langt har opplevd med tenesta, vil tilbodet bli utvida til å omfatte samtlege 12 område. Kostnadsbiletet for kvalitetshevinga er usikkert, med ei stipulert øvre ramme på kr. 450 000. Avdelingsdirektøren meiner tiltaket vil vere med å sikre stabilitet i ei teneste som på sikt kan kome alle dei tette trehusmiljøa i Bergen til gode, og som også har stor overføringsverdi til andre kommunar.
	Totalt			1 628 000	906 000	370 000		